



Rune Nilsen
Holmeknappen 17
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8208 - 23/26222

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
03.04.2023

Viltfond, støtte fra viltfond - inngjerding av siloballar - gbnr. 353/1, Bratshaug

Administrativt vedtak: Saknr: 365/23

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om kommunale viltfond §5 løyver Alver kommunes viltfond kr. 15.000 til hjortegjerde på hovudbruk gbnr. 353/1.

-gjerdet skal brukast til omsøkt formål og skal vere i garden si eige i minimum 10 år.

-Tilskotet utbetalast når bank konto- og organisasjonsnummer vert sendt til kommunen.

Vedtaket om fordeling av midlar frå viltfondet er ikkje eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova kap. VI, men inngår som eit ledd i disponeringa av kommunens midlar. Vedtaket kan såleis ikkje klagast på.

Saka gjeld:

Rune Nilsen søkjer i brev dagsett 28.03.2023 om tilskott frå det kommunale viltfondet i Alver kommune. Det vert søkt om tilskott til innkjøp av sikringsgjerde til beskyttelse av rundballar imot skada av hjort. Søkjar har rundballar på 6 forskjellige plasser på Holsnøy og det har vert variert omfang av skada. I 2022/2023 har nivåa av skada eksplodert og minst halvparten av ballene er skada.

Det vert forventet ei produksjon rundt 300 baller kommande sesong og søkjar ynskjer å gjerde inn rundballar på 4 forskjellige steder. Dette for å unngå ytterligere investeringar på utstyr for hjemkjøring av rundballar. Planen er ei større gjerde på hovudbruk gbnr. 353/1 og 3 mindre gjerder på gbnr. 357/1- 355/10- 355/15.

Tilbod på innkjøp av gjerde er lagt ved søknad på kr. 30.093 ex MVA. Søknad er vedlagt veldig god dokumentasjon på skada.

VURDERING:

Bruk av viltfondsmidlar er regulert av FOR-2011-05-15-537, Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Bakgrunnen er å fremme viltforvaltninga i kommunane.

Fondet kan nyttast til:

- *Tilskot til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller kommunen sjølv.*
- *Å dekke kommunens utgifter til ettersøk og håndtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.*
- *Tiltak for å forebygge skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt.*

Kommunen vurderer at søknadsformålet oppfyller viltfondets formål og kan difor støttast med midlar frå viltfondet. Sikringsgjerde er et kostnad effektiv middel til sikring imot skada av hjort og til bevaring av fôr kvalitet i rundballane. Gardsbruket ligger i eit område av kommunen med stor hjortebestand og skades nivå på landbruksnæringa.

Bonden har grasproduksjon på fleire lokalitetar på Holsnøy og gjerdet kan brukast kor det best passer inn driftsmessigt med omsyn til plass for oppmagasinering.

Regelverk

For-2011-05-15-537, Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/26222

Med vennleg helsing

Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rune Nilsen

Holmeknappen 17

5918

FREKHAUG